



Reknes Byggjevarer AS
Selvåg
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4184 - 15/38172

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
23.12.2015

Førebels svar - trong for tilleggskjøp - gbnr 55/38 Bruvoll

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad om løyve til bygging av einebustad den 17.12.2015

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknaden er sendt inn som eitt-trinns søknad, og ansvarleg søker opplyser at søknaden oppfyller krava til sak med 3 veker sakshandsamingsfrist. Det stemmer ikkje, fordi søknaden har vesentlege manglar.

Tilkomst og parkering

Ved riving og nybygg skal det søkast om avkjørsle på nytt. Søknadsskjema er vedlagt.
Parkeringsplassar skal synast på eigen grunn, ikkje på nabotomt.

Byggegrense

Bygningar og murar innafor byggegrensa mot veg krev dispensasjon frå byggegrnsa mot veg, som er 15 m frå midten av kommunevegen. Søknadsskjema er vedlagt.

Avløpsanlegg

Det må sendast inn søknad om utsleppsløyve som skal handsamast før eller samstundes med byggesøknaden. Utsleppssøknaden skal vera signert av tiltakshavar; her er det ikkje tilstrekkeleg med fullmakt. Skal avløpsanlegget utførast som eige tiltak med Lindås VVS som ansvarleg søker? Ansvarssøknad og gjennomføringsplan levert av Lindås VVS under dokumentposten «rørleggjarmelding» kan tyda på det. Kartet som er levert av Lindås VVS er nærmast uleseleg.

Sjå alle offentleggjorte dokument i byggesaka:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015004184&

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Kommunen ber om at korrigert søknad/tilleggsdokumentasjon vert sendt inn **samla innan 01.02.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert saka **arkivert utan vidare handsaming**.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå iokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avkjørsel-soknad
Skjema disp byggegrense kommunal veg generelt april 2015

Kopi til:

Inger Anne og Tommy Andersen	Hetlhovda 14A	5956	HUNDEVIN
------------------------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer AS	Selvåg	5986	HOSTELAND
-----------------------	--------	------	-----------